- o I den relativt nye reguleringsplanen for studentblokker vest for Grønbakken er det opna for %BYA=65% og dette vil også gjerast gjeldande for byggjeområdet i dette planframlegget.
 - o I samråd med kommunen vert det sett krav om blågrøn faktor 0,6 i planframlegget.
 - o For å styre plassering av nye bygg, vil det også bli regulert inn byggjegranser mot veg og potensielt også linjer for planlagd bebyggelse om det synest tenleg.
 - o Ein vil regulere inn føresegnssområde med koter for maksimal byggjehøgde ih. NN2000.
 - o Det leggst ikkje opp til bruk av juridisk bindande illustrasjonsplan, men det blir sett krav i føresegnene om utarbeiding av situasjonsplan ved søknad.




Figur 2.5.1 Illustrasjonsplan (nybygg vist med lysegrønne flater – eksisterende bygg med oranger)



Figur 2.5.2 Fasadar



Figur 2.5.3 Snitt 1



Figur 2.5.4 Snitt 2

2.6 Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnader (stadanalyse).

- o Som underlag for oppstartsmøte og varsling er det utarbeidd illustrasjonar i kap.2.5 og 2.6 for å synleggjere moglege verknadar som den nye blokka ved Grønbakken kan ha for landskap og omgjevnader. Illustrasjonane er basert på skisser frå SiVolda sin arkitekt og vil


- difor kunne bli endra undervegs i planarbeidet.
- o Tiltaket vil i noko grad påverke sol- og utsiktstilhøva for naboane. Vi har difor utarbeidd ei sol-/skuggeanalyse for å syne verknadane ved vårjamndøger 20.mars – jf. figur 2.6.2 og midtsommar 20.juni - jf. figur 2.6.3.
 - o Som omtalt framanfor vil den nye blokka få same orientering som eksisterande og øvrige blokker i feltet. Dette både for å vidareføre det ryddige uttrykket som er i dag, samt at ein i stor grad opprettheld utsikta for dei som bur bak. Løysinga gjev også rikeleg med lys og luft mellom blokkene samt god tilkomst for naudetatane.
 - o Eksisterande bygningsmasse er godt vedlikehalden men sjølvstøtt prega av å vere oppført i ei anna tid særleg om ein samanliknar med blokkene i vest frå 2018. Den nye blokka vil stå meir i stil med dei nye på vestsida og såleis heve dei arkitektoniske kvalitetane i området.




Figur 2.6.1 Illustrasjon av fjernverknadar (20.juni kl.15)

Figur 2.6.2 nedanfor syner sol- og skuggeverknadane av den nye blokka ved vårjamndøger 20.mars og

som ein ser vil den nye blokka gje ein marginal skuggeverknad på dei to eigedomane på kvar side av Grønbakken bak blokka.



20.mars kl.06




20.mars kl.09



20.mars kl.12




20.mars kl.15




20.mars kl.18

Figur 2.6.3 nedanfor syner sol- og skuggeverknadane av den nye blokka ved midtsommar 20.juni, og her

ser ein at det kan bli litt skugge i hagen vest for Grønbakken rundt kl.09 men elles ingen skuggeverknad på tilstøytande eigedomar.



20.juni kl.06




20.juni kl.09




20.juni kl.12



20.juni kl.15



20.juni kl.18



20.juni kl.21

2.7 Funksjonell og miljømessig kvalitet

Funksjonell kvalitet gjeld korleis eit område eller bygg fungerer for brukarar og samfunn medan miljømessig kvalitet gjeld korleis tiltaket påverkar natur, klima og ressursbruk. I dette prosjektet er både bygning og uteområde føresett å ha høg funksjonell og miljømessig kvalitet innanfor gjeldande krav knytt til studentbustadar. Gjeldande regelverk har på enkelte område lempingar for studentbustadar. Dette gjeld bustadar som blir oppført av studentsamskipnadar og studentbustadstiftingar som har motteke tilsagn om tilskot til studentbustad etter forskrift nr.424 av 28.januar 2004 om tilskot til studentbustadar - slik tilfellet er i dette prosjektet.

Funksjonell kvalitet:


- o Tilgjenge:
SiVolda sin arkitekt legg vekt på god arealutnytting i bygget og at også studentar med nedsett funksjonsevne og/eller med små barn skal kunne bu og trivast der. Gjeldande krav m.o.t tilgjengelegheit for studentbustadar vert sjølv sagt lagt til grunn både for bygning og uteområde som igjen betyr at minst 20% av bustadane må stette krava til tilgjenge. I tillegg skal personar i manuell rullestol kunne kome på besøk i etasjar med tilgjengelege bu-
einingar. Difor er det krav om tilgjengeleg toalett i kvar etasje i bygning med krav om heis slik som her og snusirkel i studentbustadar med krav om tilgjengelegheit kan vere D=1,3m.
- o Tryggleik:
Både bygg og uteområde skal vere trygge i utforming og bruk. Det betyr at alt av bygge-
materialar skal vere godkjent for tiltenkt bruk, og at rekkverk, gjerde og andre sikringstiltak skal stette gjeldande krav. Det blir etablert rømningsvegar i samsvar med gjeldande krav.
- o Lys og utsikt:
Alle leiligheitene har yttervegg med vindu som sikrar utsikt og naudsynt naturleg lysinn-
slepp. Det vert ikkje tillate med balkong.
- o Stimulering til aktivitet og sosial kontakt:
Sjølv om kvar leiligheit vert utstyrt med eige bad og kjøken blir det også etablert fellesrom i kvar etasje der ein kan møtest for sosial kontakt. Det vil også bli regulert inn eige formål for uteopphaldsareal til bruk som felles samlingsstad for studentane og som nærleikeplass for små barn. Foreløpige estimat syner at dette arealet i nordre del av planområdet kan bli på ca. 2daa. Her skal det kunne etablerast sitjegrupper og andre trivselsfremjande element som t.d drivhus for frukt- og grønsaksdyrking m.m.

Miljømessig kvalitet:

- o Klimaavtrykk:
Ved å bygge nytt framfor å rehabilitere står ein friare til å nytte moderne materialar og byggemetodar som sikrar redusert energibruk og minst mogleg klimagassutslepp.
- o God ressursutnytting:
Effektiv bruk av materialar med lang levetid sikrar god ressursutnytting.
- o Bevaring av naturverdiar:
Utsjekk av kartbasane www.gislink.no og www.artsdatabanken.no har ikkje avdekt artar av forvaltningsmessig interesse innanfor planområdet. Tiltaket kjem såleis ikkje i konflikt med slike interesser. Utover dette vil ein søkje å ta vare på mest mulig av grøntområda innanfor planen m.a ved å samle alt av parkeringsplassar i støyutsett område langs Vikebygdvegen og dermed frigjere store og samanhengande grøntområde/naturområde kring bygningane.
- o Miljøvennleg transport:
Kravet til parkeringsdekning for bil og sykkel blir vidareført frå gjeldande plan vest for Grøn-
bakken, og det blir tilrettelagt for sykkelparkering under tak. Det er elles busstopp like ved blokkene og eit godt utbygt gangvegssystem til skular og sentrumsfunksjonar som inviterer til bruk av miljøvennleg transport. Det er likevel mange studentar som disponerer bil og difor er det avsett eit område langs Vikebygdvegen som illustrert i fig. 2.5.1.

2.8 Tilhøve til kommuneplan, eventuelt gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og ev. pågåande planarbeid.

- o Planområdet inngår i «KDP for tidlegare Volda kommune» med PlanID: «2016005», vedtatt i 2021. Området er i gjeldande plan avsett til bustad og delar av området er omfatta av gul støysone langs Vikebygdvegen/Fv5894 (markert med lilla i fig.2.8.1). Det vil difor bli gjennomført ei støytutgreiing med eventuelle tiltak innarbeidd i føresegnene.



Figur 2.8.1 Utsnitt frå gjeldande KDP – med plangrense og støysonemarkering

- o Planområdet inngår også i føresegnsområde #14 – jf. figur 2.8.2 – 2.8.4:

a. Innanfor føresegnsområde #13–#19 er det tillate med funksjonar som vist i tabell 5.1:

Føresegnsområde	Stad	Sentertype	Funksjonar
#13	Volda sentrum - indre sentrumssone	Kommune-senter	Detaljhandel, utvalshandel og plasskrevjande varer. Ikkje plasskrevjande storhandel, lager, godsterminal, bilhandel, bilbutikk eller støyande og forureinande verksemdar.
#14	Volda sentrum - midtre sentrumssone	Supplerings-senter	Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6000 m ² BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000 m ² BRA. Ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum. Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting. Skule, barnehage.

Figur 2.8.2 Føresegn tilknytt føresegnsområde #14

§ 5.2.3 Bustadfortetting i midtre sentrumssone (område #14)

- a. I frittliggende småhusområde med hovudsakleg einebustadar og tomannsbustadar er det tillate å fortette slik at ein oppnår to bueiningar pr. tomt innanfor 30 % BYA. Byggehøgde må vere i samsvar med gjeldande reguleringsplan eller innanfor generelle krav i plan- og bygningslova. Nye tomter for frittliggende småhus skal ha ein størrelse på 600–800 m².
- b. Typiske frittliggende småhusområde kan fortettast med fleire enn to bueiningar pr. tomt dersom dette lar seg gjere utan å forringe bumiljø eller eigenarten i området. Slik fortetting skal berre skje gjennom reguleringsplan for området og % BYA skal ikkje overskride 35 % BYA. Gjennom reguleringsplan må det fastsettast minste uteopphaldsareal og krav til leikeareal jf. kap. 2.9 Leike-, ute- og opphaldsareal.
- c. I område med konsentrerte småhus er det tillate å fortette med utbygging av småhus, innanfor ei utnytting av tomte på 40 % BYA, dersom bumiljø, byggeskikk og eigenart i området kan takast i vare på ein god måte. Bueiningar med bruksareal over 40 m² bør ha MUA ≈ 100 m² og bueiningar med bruksareal under 40 m² skal sikrast MUA = 20 m². Krav til leikeareal jf. kap. 2.9 Leike-, ute- og opphaldsareal må oppfyllest i tillegg til MUA.
- d. Gjennom reguleringsplan kan fortetting i eksisterande område med konsentrerte småhus og utbygging av område sett av til konsentrert bustadbygging gjennomførast innanfor ei utnytting av tomte på 45 % BYA. Gjennom reguleringsplanen må det fastsettast minste uteopphaldsareal og krav til leikeareal jf. kap. 2.6 Leike-, ute- og opphaldsareal.

I nye bustadområde bør opp mot 80% av nye bustadar i midtre sentrumssone vere konsentrerte småhus eller blokk. Berre 20 % av nye bustadar i nye bustadområde bør vere frittliggende småhus, fortrinnsvis med to bueiningar.

Figur 2.8.3 Føresegn om bustadfortetting i område #14

2 Generelle føresegner (pbl § 11-9)

2.1 Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

§ 2.1.1 Krav om reguleringsplan

- a. Areal sett av til bygge- og anleggsformål (pbl § 11-7 nr. 1), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr. 2) kan tiltak etter pbl § 1-6, jf. kap. 20 i pbl inkludert frådeling, ikkje setjast i verk før områda inngår i godkjend reguleringsplan.
- b. For område som det i reguleringsplan er bestemt skal omfattast av utbyggingsplan (§ 28-2 i pbl 85), skal det utarbeidast detaljregulering etter pbl § 12-3, alternativt områdeplan etter pbl § 12-2.

2.2 Unntak frå plankrav (pbl § 11-6)

§ 2.2.1 Unntak frå plankrav

- a. I eksisterande bustadformålsområde innanfor føresegnsområde #13 og #14, kan det førast opp nye bustadar med inntil to bueiningar.
- b. I eksisterande område for bustadformål og fritidsbustad, kan det tillatast tilbygg, påbygg, garasje, fasadeendring, bruksendring eller liknande på bebygd eigedom, utan plankrav.
- c. Det er ikkje plankrav for mindre bygningsmessige tiltak som pumpestasjon og trykkaukingsstasjon av stor samfunnsnytte.
- d. Unntak frå plankrav kan berre bli gitt når risiko- og sårbarheitsforhold er avklart, og tiltaka tilfredsstillar krav i teknisk forskrift.


Figur 2.8.4 Unntak frå plankrav føresegnsområde #14

- o I vest grensar planområdet til reguleringsplanen «Studentbustader på Langvatn/Heltne» PlanID: 2016010 som blei vedtatt i 2018. Denne planen legg føringar for utforminga av dette planframlegget, men ein vil nytte det nye planformålet for studentbustadar for område som er eigd av studentsamskipnaden.



Figur 2.8.5 Utsnitt av tilgrensande reguleringsplan i vest – planID:2016010 «Studentbustader på Langvatn/Heltne».

- o Det varsla planområdet ligg aust for planID: 2016010 og skal erstatte planID: 1973003 «Studentheimane på Heltne» frå 1973 – jf. figur 2.8.6 nedanfor. Planområdet er såleis avgrensa i samsvar med denne planen si plangrense med unntak av eit mindre tillegg i sør som grip inn i planID 1993001 «Midttun». Bakgrunnen for dette er at ein vil regulere veg og gangveg i samsvar med faktisk plassering og med breidder som i planID 2022002 «E39 Volda-Furene». I aust har vi også tatt med gbnr 20/54 som tilhøyrar reguleringsplanen med planID 1988002 «Endring bakken». Dette har vi gjort for å samle eigedomane til studentsamskipnaden i ein reguleringsplan.
- o Grønbakken vil tilsvarende bli regulert til gang- og sykkelveg med høve til køyretilkomst til gbnr 20/47 som i dag.
- o I regulering av Vikebygdvegen vil vi leggje til grunn vegbreiddene som er nytta i planID 2022002 «E39 Volda-Furene» vedtatt 14.12.2023 med regulering av veg og GS-veg med faktisk plassering. Sjå elles foto frå område i figur 2.14.1.
- o Ein vil vurdere å regulere inn forlenging av eksisterande busslomme langs Vikebygdvegen slik at denne stettar krava ih. N100.
- o Føresegnene tilknytt planID 1973003 er svært enkle og set i grove trekk kun krav om at bygningar skal vere for studentar, ha flate tak og oppførast i maksimalt 3 etasjar + sokkeletg.
- o Ein er ikkje kjend med at det pågår anna reguleringsarbeid i området.



Figur 2.8.6 Reg.plan Studentheimane på Heltne.

2.9 Vesentlege interesser som vert råka av planarbeidet.

- o Som vist i kap.2.6 vil den nye blokka kunne gje noko endra sol-/skuggetilhøve for Grøn-

- bakken 2 (gnr.20 bnr.47) og Nygardsvegen 11 (gnr.20 bnr361).
- o Ei ny og moderne bustadblokk, tilrettelagt for personar med ulike behov, vil vere ein styrke for Volda som studentbygd. Ved ei eventuell framtidig sanering av dei to blokkene i aust til fordel for konsentrerte småhus, vil tilbodet bli yttarlegare utvida då slike leilegheiter vil gjere det mogleg også for barnefamiljar å studere ved høgskulen.
 - o Studentane er viktige for Volda, og betre tilrettelegging slik som foreslått vil styrke posisjonen som attraktiv studiestad til gunst også for lokalt næringsliv og alle som har arbeidet sitt i skuleverket.

2.10 Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast m.a ved å førebyggje risiko og sårbarheit.

- o Som del av planarbeidet blir det ih. vanleg praksis bli gjennomført ein utsjekk av ROS basert på Statsforvaltaren si sjekkliste.
- o Utsjekk av ulike databasar som t.d NVE Atlas, GisLink m.m., syner at planområdet ikkje er utsett for naturfare av noko slag. Delar av planområdet ligg i gul støysone som vil bli utgreidd, men utover dette er området fritt for både faresoner og aktsemdsoner.

2.11 Råka offentlege/private instansar som skal varslast om oppstart.

- o Etter oppstartsmøte, der plangrensa vart endeleg definert i samråd med kommunen, har ein tileigna seg ei oversikt over offentlege og private instansar som skal varslast. Det plar gjelde Statens Vegvesen, fylkeskommuna, Statsforvaltaren, NVE, Linja, VØR m.fl.

2.12 Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre.

- o Formell saksgang ih. reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentlig ettersyn. Utover dette legg ein ikkje opp til særskilte tiltak for medverknad utover behovsretta dialog med kommunen.

2.13 Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing og korleis ivareta ev. krav.

- o Tiltaket er vurdert opp mot §10 i forskrifta om konsekvensutgreiing, men sidan tiltaket er i tråd med overordna plan og elles utan verknadar for miljø og samfunn vurderer vi det slik at ein ikkje løyser krav om konsekvensutgreiing.

2.14 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova ivaretek kravet om medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentlig ettersyn. Det er ikkje behov for planprogram.

Oppstartsmøte

04.09.2025 vart det avholdt oppstartsmøte med kommunen – jf. referat som er vedlagt varslingsdokumenta.

Varsel om oppstart

Etter oppstartsmøtet vert naboar, gjenbuarar samt offentlege og private instansar varsla i samsvar med praksis via Digipost, brev eller e-post. I tillegg vert varsel om oppstart av planarbeid kunngjort ved annonsering i avisa Møre samt på kommunen og plankonsulenten sine heimesider, hv.

www.volda.kommune.no og www.mulvik.no

Frist for innspel er satt til 5 veker.

Innkomne innspel

Alle innspel som vert mottekne innan varslingsfristen vil bli vurdert, oppsummert og kommentert.

Framdrift

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	04.09.2025
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjøring på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte parter.	konsulent	Varslingsbrev: 27.10.2025 Annonse: 31.10.2025 Merknadsfrist: 01.12.2025
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Des. 2025
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Des. 2025 – Jan. 2025
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Jan. 2025
Kommunal handsaming om utlegging til offentlig ettersyn/høyring (frist 12 veker).	kommunen	Jan. 2025 – April 2026
Offentlig ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	April 2026 – Mai 2026
Handsaming av merknader og ev. revisjon av planframlegg.	kommunen/konsulent/forslagsstillar	Mai 2026
Oversending av ev. revidert planframlegg til kommunen	konsulent	Mai 2026
Kommunal handsaming	kommunen	Mai 2026
Godkjenning av planforslag (Kommunestyre)	kommunen	Juni 2026
Kunngjøring av godkjent plan	kommunen	Juni 2026

2.15 Bilete frå planområdet

Bileta nedanfor er henta frå Google Streetview og syner det aktuelle planområdet frå ulike vinklar.



Figur 2.14.1 Avkryrsle frå Vikabygdvegen til planområdet - sett frå sør-vest (Google Streetview)



Figur 2.14.2 Dei tre blokkene innanfor planområdet – samt den nyare vest for Grønbakken i venstre biletkant (Google Streetview).



Figur 2.14.3 Planområdet sett frå sør-aust (Google Streetview)



Figur 2.14.4 Planområdet sett frå nord-vest (Google Streetview) med Grønbakken nedover mot Vikebygdvegen og den nyare blokka i høgre biletkant. Blokka som skal sanerast ligg til venstre for Grønbakken.



Figur 2.14.5 Planområdet sett frå nordaust (Google Streetview)



Figur 2.14.6 Planområdet sett ovanfrå med forslag til plangrense (bilete tatt frå sunnmørskart)

2.16 Oppsummering/konklusjon

Forslagsstillar og plankonsulent vonar med dette at tiltaket er tilstrekkeleg opplyst som grunnlag for eit snarleg oppstartsmøte og påfølgande varslingsplanoppstart.



Mulvik As
Holmen 7
6100 VOLDA

Vår referanse
25/2519 25/14964

Din referanse

Sakshandsamar
Heidi Istad

Dato
17.09.2025

Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for Studentheimar Heltne

REFERAT FRÅ OPPSTARTMØTE

Namn og planident til planen	Studentbustader på Heltne 2025003
Møtedato	04.09.2025
Møtedeltakarar	Frå forslagsstillar/Studentsamskipnaden: Rune Aasen og Bjørnar Osnes. Frå plankonulent/Mulvik AS: Jan Magnus Ose og Freya Urban Frå kommunen: Jørgen Vestgarden, Kjetil Vestergaard, Heidi Istad frå Utviklingsavdelinga. Edvin Løfoll avdelingsleiar Veg og Park. Lars Fjærvold og Steinar Kilen frå Vat og Avløp.
GNR/BNR	20 / 23
Føremålet til planen	Legge til rette for riving av eksisterande studentblokk for oppføring av ny. Legge til rette for fornying og eventuelt endra utbygging elles i planområdet.

Planføresetnader

Gjeldande plangrunnlag for området

Områderegulering	
Detaljregulering	
Reguleringsendring	

(namn og dato vert oppgitt)

Kommuneplanen sin arealdel	
Kommunedelplan	Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, planid 2016005
Reguleringsplan	Reguleringsplan for Studentheimane på Heltne, planid 1973003 Reguleringsplanen endring Bakken, planid 1988002.
Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)	
Pågåande planarbeid	

Plantype

Avgrensinga til planen

Planen vil erstatta fylgjande planar i heilskapen sin	Forslag frå plankonsulent vil medføre at berre delar av eksisterande reguleringsplan vil bli erstatta (Reguleringsplan for Studentheimane på Heltne, planid 1973003). Forslagsstillar ønskjer ikkje å ta med areal dei ikkje har hand om. Kommunen ønskjer at heile planen vert erstatta, slik at ein kan oppheve den gamle planen.
Planen vil erstatta delar av følgjande planar	Vil erstatte del av reguleringsplanen endring Bakken med planid 1988002.
Volda Kommune vil vurdere om planen skal inkludera evt. uregulerte områder	

Planendring

Ynskte endringar i høve til gjeldande planar; Hovudføremål	Ny reguleringsplan som legg til rette for å kunne erstatte ei av blokkene med ein ny og større blokk. Dei andre blokkene er det ønskjeleg å kunne erstatte med blokk eller andre bustadtypar.
--	---

Ynskete endringar i høve til gjeldande planar; Andre føremål	
--	--

Viktige utgreiingsbehov

Planfaglege vurderingar	Det er viktig at planforslaget må vere tydeleg på kva som skal byggast innanfor planområdet, slik at det vert muleg å vurdere verknader og konsekvensar av utbygginga. Planforslaget må sette klare rammer for plassering, utnyttingsgrad og byggehøgde. Her vil det vere ein kombinasjon av føresegnar og juridiske grep i plankartet. Det bør nyttast arealformålet studentbustader med presisering av bygningstypar. Må leggje vekt på gode felles uteopphaldsareal. Krav om 50% av uteopphaldsareal på bakkeplan. Reguleringsplanen må ha krav om utomhusplan i føresegnene. Reguleringsplanen må sette krav om blågrønfaktor på 0,6. Kommunen ber om at det vert lagt vekt på høg kvalitet på utomhusanlegg og det vert lagt vekt på å ivareta og tilføre ein variasjon av vegetasjon i området.
Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje relevant.
Naturmangfald vurderingar	Må vurderast.
Kulturlandskap og kulturminne	Ikkje relevant.
Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse	Sjekkliste for risiko- og sårbarheit må gåast gjennom frå forslagsstillar. Faremoment som måtte gå fram av sjekkliste må verta vurdert nærare.
Born/unge, eldre, og dei funksjonshemma si interesse	Må følgje opp krav til leikeareal i KDP. Her er det aktuelt å leggje til rette som aktivitetsareal, men også noko til leik sidan ein ikkje veit kva type bustader som kjem i framtida. Må leggje til rette for funksjonshemma i samsvar med

	Husbanken sine føringar.
Veg- og tekniske tilhøve/trafikkavvikling/transport	<i>Veg for tilkomst, gangveg</i> Hovudtilkomst skal vere frå Grønbakken. Eventuell tilkomst frå Smiebakken krev at ein må ta med kryss til Vikebygdvegen i planområdet. Dette krysset må truleg utbetrast. Bør sjå på om det er muleg å organisere parkeringsplassar på ein slik måte at ein unngår massiv parkering langs Vikebygdvegen. Kan meir av parkering flyttast mot aust? Må sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar i planområdet. Må sette av tilstrekkeleg sykkelparkering jf. Krav i KDP. Kommunen har mål om auka bruk av sykkel og gange og ønskjer ikkje at det vert lagt til rette med fleire parkeringsplassar for bil enn krav i KDP. Det er ønskeleg å sette maksimumskrav for på tal parkeringsplassar. Må sette av tilstrekkeleg areal til snøopplag. Det er krav om VAO-rammeplan. Overvatn skal handterast ope og lokalt, dette gjeld både takvatn, overflatevatn, drensvatn og flaumvatn. Overvatn skal takast hand om etter 3-trinnsstrategien utdjupa i kommunen sin VA-norm og med det til ei kvar tid anbefalte klimapåslag av Norsk Klimaservicesenter, pr. i dag er dette eit klimapåslag på 40 %. Trinn 1: Mindre nedbørsmengde tilsvarande 90 % av normalnedbør, skal handterast ope og lokalt. Overvatn skal fangast opp og infiltrerast i planområdet ved bruk av regnbed, trær, grønne grøfter, permeable flater og dekker og liknande. Trinn 2: Større nedbørsmengder tilsvarande 5-års flaum skal handterast lokalt og i størst mulig grad ope. Overvatnet skal forsinkast og fordrøyast ved bruk av regnbed, grøft, opne kanalar og fordrøyingsareal og liknande. Trinn 3: Skal handtere 200-års flaum. Bygningar og anlegg skal utformast og plasserast, samt terrenget tilpassast, slik at naturlege og trygge flaumvegar vert sikra og at ein sikrar tilstrekkeleg tryggleikt mot flaumskadar. Kommunen oppmodar til bruk av grønne tak.

Støy	Delar av planområdet ligg i gul støysone. Det må gjennomførast støykartlegging.
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane.	Arkitektoniske intensjonar og grep og korleis utbyggingsprosjektet held seg til omgjevnadane må skildrast i planomtalen eller eige notat. I tillegg til perspektivteikningar og 3D-illustrasjonar må det utarbeidast oppriss og snitt for å synleggjere tilpassing til og verknader for omgjevnadane. Illustrasjonar må vise eksisterande og framtidige bygg og anlegg.
Trong for utbyggingsavtale	Det er ikkje lagt opp til opparbeiding av offentleg infrastruktur og det er derfor ikkje behov for utbyggingsavtale.
Særskilt trong for medverknadsprosessar	Studenttinget bør få ta det i planprosessen. Kan vere ein fordel med informasjonsmøte til naboane ved oppstart av planarbeidet.
Anna	Kommunen gjekk gjennom føresegnar i KDP med krav til planarbeid m.v. Minna spesielt om § 2.3.10 Energibruk i bygg; tiltak for å redusere energibruk, ta omsyn til lokalklimatiske forhold, krav om klimagassrekneskap. Både kommunen og forslagsstillar ønskjer å ha god dialog gjennom planprosessen. Med tanke på rask framdrift er det ønskeleg med hyppige avklaringsmøter der planskisser og løysingar vert drøfta før innlevering av eit ferdig planforslag.

Konsekvensutgreiing/planprogram

Krav om konsekvensutgreiing/planprogram	Nei.
Ikkje krav om konsekvensutgreiing/planprogram	

Kart

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard). Om krav til innhald, utforming, format m.m sjå forskrift om kart, stadfesta informasjon og arealføremål.

Framdrift*

Planlagt dato for varsling/høyring av planprogram	
Planlagt dato for sending av planforslag til kommunen	
Fyrstegongs handsaming i fast utval for plansaker	<i>Kommunen vil følgja gjeldande fristar i sakshandsaminga, dvs fyrstegongs handsaming innan 12 veker frå ferdig planforslag er motteke</i>
Offentleg ettersyn	
Andregongs handsaming i fast utval for plansaker	
Endeleg planvedtak i kommunestyret	

* Skissa ovanfor viser ideell framdrift. Forskrift om sakshandsamingstid skal uansett overhaldast.

Plangebyr

Handsaming av planforslag vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt avgiftsregulativ/Fakturagrunnlag i samsvar med avgiftsregulativ utdelt i møte.

Stadfesting og atterhald

Det vert gjort merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotester, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.

Med helsing

Heidi Istad
planleggar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Studentsamskipnaden I
Volda

Postboks 278

6101

VOLDA

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

www.volda.kommune.no
postmottak@volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00
Org. nr: 939 760 946
Kontonr: 3391.07.81727

